HELSE • VEST

# TILSYNSRAPPORTERING FRÅ HELSE FØRDE HF FOR DESEMBER 2022 – DATO 10.01.2022

| MYNDIGHETS-ORGAN | HELSE-FØRETAK | OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET | DATO FOR TILSYNSRAPPORT | HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK? | FRIST FOR LUKKING AV AVVIK | STATUS I SAKA | SAK AVSLUTTA DATO |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Stats-forvaltaren i Vestland** | Helse Førde | Barne- og ungdomsavdelinga, seksjon for habilitering barn og unge | 26.01.2022 | Eitt avvik | 01.01.2023 | Statsforvaltaren gjennomførte tilsyn med Helse Førde HF, seksjon Habilitering for barn og unge den 14. og 15.12.2021. Dei undersøkte om helseføretaket sørgjer for at barn og unge under 18 år som vert tilviste med spørsmål om utviklingshemming og om vurdering av bruk av tvang vert følgde opp i samsvar med aktuelle lovkrav slik at tenestemottakarane får trygge og gode tenester.<br><br>Statsforvaltaren peiker på følgjande:<br>• Helse Førde har ikkje sørgt for at seksjon Habilitering for barn og unge har tilgang på faglege ressursar og kompetanse som trengst i samband med utgreiing av utviklingshemming og tverrfagleg oppfølging av barna.<br><br>Dette er brot på:<br>Spesialisthelsetenestelova § 2-2, jf. forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring §§ 6-9.<br><br>Helse Førde har sett i verk ei rekke tiltak det siste året og fleire omgangar svart ut spørsmål frå Statsforvaltaren.<br><br>I brev datert 20.12.24 avsluttar Statsforvaltaren tilsynet og finn det | 20.12.22 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | sansynleggjort at lovbrotet er retta.<br><br>I brevet heiter det mellom anna:<br><br>«Status ved utgangen av 2022 er at de ikkje har venteliste for nytilviste barn i målgruppa for tilsynet. Utgreiing hos psykolog kjem i gang og tek ikkje uforholdsmessig lang tid.<br><br>De har styrkt legebemanninga i Habilitering for barn og unge, gjort greie for styrking av kompetanse generelt, særleg innan oppgåvene som følgjer av helse- og omsorgstenestelova kapittel 9 og prioritert kva oppgåver psykolog skal ha.<br><br>De har for tida avgrensa tilgang på psykolog og arbeider for å rekruttere til stilling. Slik vi forstår opplysningane, vil det vere aktuelt å omdisponere psykologressurs internt dersom ekstern utlysing ikkje fører fram.»<br><br>Sak i Elements 2021/5704 | |

Tabellen ovanfor inneheld **systemtilsyn** under oppfølging. Rapporten inneheld ikkje kommande tilsyn eller der tilsynsbesøk er gjennomført, men rapport ikkje ligg føre.
Helse Førde har registrert **totalt 1** tilsyn og revisjonar i perioden 01.12 – 31.12.2022.
Desse kontrollane vert utført av både eksterne offentlege tilsynsorgan og andre revisjonsorgan.